

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	08.02.2022
<b>Vår referanse</b>	2021/88527-4
<b>Dykkar referanse</b>	20/2403 - 21/83616
<b>Sakshandsamar</b>	Liz Eva Tøllefsen
<b>E-post</b>	Liz.Eva.Tollefsen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

*Planid: 1263201904*

## Fråsegn til offentlig ettersyn av detaljregulering for Kvassnesbakken Alver kommune

Vi viser til brev datert 13.12.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for Kvassnesbakken. Hovudføremålet i planen er å utvikle delområde BBB2 i områdereguleringsplan for Knarvik sentrum til blokkbusetnad. Planen legger opp til oppføring av 31 bueinigar, med tilhøyrande parkeringsanlegg under bakken. Felles uteområde er planlagt som eit tun, plassert mot sørvest. Føremålet er i samsvar med kommuneplan.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 5.11.2019.

### Vurdering

#### Areal og transport

Planområdet ligg langs den kommunale vegen Kvassnesvegen i Knarvik sentrum, sør for E39. Den sentrale plasseringa gir planområdet eit rikt handels- og tenestetilbod i gangavstand frå planområdet, og vil vere eit positivt tilskot til Knarvik sentrum.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen merknader i saka.

### Konklusjon

Vestland fylkeskommune har ingen merknader til planforslaget, og meiner etablering av bustader som vist i planforslaget vil kunne tilføre Knarvik positive kvalitetar.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagleiar  
SUD – Plan, klima og folkehelse

**Liz Eva Tøllefsen**  
seniorrådgjevar  
SUD - Plan, klima og folkehelse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*